



Kommunane i Møre og Romsdal
Grunnskular med ungdomstrinn i Møre og Romsdal
Vaksenopplæringsentra i Møre og Romsdal
Private grunnskular med ungdomstrinn i Møre og Romsdal

Sentralt gitt eksamen i grunnskulen 2015

Informasjon om eksamen

På nettsida til Utdanningsdirektoratet¹ finn du all informasjon om eksamen samla på ein plass. Under «hovudsida» finn du m.a.:

- Datoar for skriftleg eksamen i grunnskolen 2015².
- Informasjon om oppgåver, tidsfristar og ansvar knytt til eksamen
 - Før eksamen
 - Gjennomføring av eksamen
 - Etter eksamen

Vi minner særskilt om endringa i eksamen i matematikk som er innført frå hausten 2014³. Nytt av året er også vurderingstekster med grunngjeving av karakter⁴.

Vi viser dessutan til Fylkesmannen i Møre og Romsdal si nettside med informasjon knytt til eksamen⁵.

Påmelding av kandidatar til eksamen innan 1. mars.

Skulane skal melde på kandidatar til eksamen i PAS. Brukarrettleiing for PAS finn ein til høgre i biletet når ein har logga inn i PAS.

Vi presiserer at påmelding i PAS føreset at trekkinga av elevar og fag er gjort på førehand. Påmeldingar etter fristen skal skje tenesteveg via Fylkesmannen. ***Dersom skulane melder på kandidatar etter fristen, må skulen sjølv syte for å laste ned oppgåvene frå PAS.***

¹ <http://www.udir.no/Vurdering/Eksamen-grunnskole/>

² <http://www.udir.no/Vurdering/Eksamen-grunnskole/#Datoer-for-eksamen>

³ <http://www.udir.no/Vurdering/Eksamen-videregaende/Endringer-og-overgangsordninger/Endringer/eksamensordning-skriftlig-eksamen-i-matematikk/>

⁴ <http://www.udir.no/Vurdering/Eksamen-grunnskole/Eksamensbesvarelser-med-begrunnelse-for-karakteren---grunnskole/>

⁵ <http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Barnehage-og-opplaring/Grunnskule-og-vidaregaande-opplaring/Eksamen1/Eksamen-og-prover/>

Kandidatar som er trekte ut i norsk, men som har fritak for vurdering i skriftleg sidemål, jf. forskrifta til opplæringslova § 3-22, skal meldast på i fagkoden NOR1415. Desse kandidatane skal skrive på hovudmålet sitt begge dagane, og oppgavesvara skal vurderast av same sensor. Kandidatane får ein samla karakter.

Bestilling av materiell til kandidatar med behov for særskild tilrettelegging skal gjerast i PAS. **Frist for bestilling av materiell til kandidatar med behov for særskild tilrettelegging er 1. mars.**

Sensur

Fylkesmannen takkar for fjorårets registrering av fagpersonar, og for «lånet» av lærarar til sensoroppdrag. Desse gjennomførte sensuren 2014 på aller beste måte.

PAS har no opna for at rektor kan melde opp fagpersonar som ønskjer å ta på seg sensoroppdrag. **Fristen for påmelding er 1. mars.**

Fylkesmannen ser at behovet for sensorar er aukande. Vi oppfordrar spesielt skuleeigarar / skular som ikkje har hatt sensorar på fleire år om å motivere sine lærarar til å melde seg. Ei særskilt oppfordring går også til vaksenopplæringssentra som no er med i den ordinære grunnskulesensuren, om å arbeide aktivt for å få lærarar til å stille som sensorar.

Vi minner om at deltaking i sensorkorpset er ei betydeleg kompetanseheving på vurdering for den einskilde lærar gjennom m.a. sensorskoleringa. Vi oppfordrar skulane til å dra nytte av denne kompetansen gjennom å t.d. nytte lærarar med sensorerfaring til kursing av resten av personalet. Sjå gjerne udir sin film, Tolkningsfelleskap – ein veg mot rettferdig vurdering⁶

Fylkesmannen har ikkje kjennskap til kvar einskild sensor. Rektor må:

- **Kvalitetssikre fagpersonane frå eigen skule.**
Vurder om fagpersonen:
 - har god innsikt i læreplanane og er fagleg dyktig
 - har ein påliteleg veremåte
 - har god arbeidskapasitet og samarbeidsevne
 - har undervisningskompetanse i faget
 - har erfaring frå undervisning i avgangsklasse
- **Oppdatere fagpersonregisteret i PAS**

NB! Tidlegare skuleår har Utdanningsdirektoratet «nullstilt» PAS slik at ingen fagpersonar var foreslått når «skoleadministrator» starta oppdatering av fagpersonregisteret. Inneverande skuleår er IKKJE fagpersonregisteret i PAS nullstilt. Dette inneber at fagpersonar som var foreslått skuleåret 2013/14 automatisk også er foreslått for 2014/15. Det er svært viktig for sensuren at dette vert rydda opp i. Dette gjeld særleg at fagpersonar som ikkje er aktuelle dette skuleåret vert fjerna. Vi ber difor skulane om å slette «foreslått» på dei fagpersonane som ikkje er aktuelle for sensoroppdrag skuleåret 14/15.

⁶ <http://www.udir.no/Vurdering/Vurdering-for-laring/Tolkningsfelleskap---en-vei-mot-rettferdig-vurdering/>

Vi ber vidare om at de følgjer desse stega:

1. Tidlegare fagpersonar som er aktuell for sensur 14/15: Hake av med status «Foreslått 14/15». Sjekk også om fagpersonen har rett fagkode evt. legg til ny.
2. Registrere nye fagpersonar i PAS. Desse må også hakast av med status «Foreslått».
3. Oppdatere all informasjon om skulen sine fagpersonar. Det er svært viktig at særskilt postadresser og e-postadresser er rett.
4. Kontrollere / rette opp fagkode(ar) for personen
5. Hake av for «Dette er fagpersonens hovedarbeidsplass» under «Skoletilhørighet»
6. Merk at fagpersonar i norsk må registrerast og hakast av i alle tre fagkodane:
 - NOR0214 Norsk hovudmål
 - NOR0215 Norsk sidemål
 - NOR1415 Norsk med fritak for vurdering i sidemål

Sjå elles «PAS/PGS – Eksamen brukarretteiing for skolen», som ligg i PAS.

Fagpersonar som vert plukka ut til sensoroppdrag vil få melding om dette i mars/april. Meldinga vert sendt direkte frå PAS til e-postadressa som er registrert på fagpersonen.

Vi vil prøve å ta omsyn til at det skal vere tilnærma lik fordeling mellom kjønn, geografisk spreing og blanding av røynde og urøynde sensorar i årets sensorcorps. Sensorar frå Møre og Romsdal vil få oppdrag frå eige fylke og Sogn og Fjordane.

Sensorane til skriftleg eksamen vil få eigen avgrensa tilgang i PAS. Der vil dei få tilgang til elevlister knytt til elevsvara, og framlegg til karakterar skal først inn i systemet. For skular som leverer prøvesvaret digitalt, vil sensorane få tilgang til svara dagen etter at prøva er gjennomført.

Sensorane får tilbod om sensorskulering. Denne sensorskuleringa er planlagt arrangert i Loen 5.- 6. mai (lunsj til lunsj-samling).

Fellessensurmøta i vår region er fastsett til 15.-16. juni.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er i år ansvarleg for faga matematikk og norsk. Fellessensuren for desse faga er lagt til Quality Hotel Alexandra i Molde. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er i år ansvarleg for fellessensuren i engelsk, og møtet er lagt til Hotel Alexandra i Loen.

Resultatet frå fellessensuren kan hentast i PAS så snart sensuren er gjennomført.

Anna

Møte om eksamen og vurdering

Vi vil elles minne om utsendt invitasjon og program til møte om eksamen og vurdering tysdag 10. februar på Quality Hotel Alexandra i Molde⁷. Målgruppa er ansvarlege for eksamen på

⁷ <http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/Mote-om-eksamen-og-vurdering-10-februar-2015/>

kommunenivå og rektorar/eksamensansvarlege for skolar med ungdomstrinn og vaksenopplæringssentra. Påmeldingsfrist: 31. januar 2015.

Lukke til med eksamenssesongen 2015!

Med helsing

Alv Walgermo (e.f.)
utdanningsdirektør

Annhild Merete Lorentzen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER